



Imorgon fredag møter elevar og lærarar frå Uskedal skule fram i Rosendal og tek imot Dronning Sonja og dronning Margrethe då dei stig iland klokka 14.30. Men det er ikkje fyrste gongen skulen er med og hyller nokon frå Kongehuset. Kristian Bringedal minnest godt då Kong Olav og prinsesse Astrid gjesta Leirvik på Stord sommaren 1958. Dei kom med Kongeskipet Norge og bakgrunnen var at Prinsesse Astrid var gudmor for redningskryssaren HAAKON VII, bygd og døypt på Kjøtteinen. Kong Olav var ledsager for dottera

Foreldra og lærarane var med og mykje folk var samla der kortesjen gjekk i gata opp frå kaien frå Grand hotell og Meierikafeen. Dersom nokon har bilete frå denne hendinga er vi takksame om de gjer det kjend.

Kong Olav var på Fitjar ved avdukinga av Håkonarstøtta i 1961, laga av Anne Grimdalen.

Dronning Sonja var gudmor for Hilmar Reksten sin supertankar 'KONG HAAKON' i 1969. Kristian var med på denne hendinga

Tekst og nett. Ola Matti Mathisen
Foto: Bladet Sunnhordland